

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Dato: 4. desember 2024

Stad: HF-bygget, UiB

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Øyvind Gjerstad, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen, Martin Paulsen

Frå gruppe B: Henriette Rørdal

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Nina Thuestad Forus, Christine Fagg og Solveig Aadland.

Laura Miles og Marit Skaatan deltok under sak 6 i møtet.

Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Orienteringssakene blir supplerte med ei sak 3D, der instituttleiar vil orientera om den faglege bemanningsplanen og budsjettet ved fakultetet.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 16. oktober 2024

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Tilsetjingar: Førsteamanuensis Alice Bennett tok til i fast stilling på britisk litteratur 1. desember, Peder Fuglevik byrjar som studiekonsulent 2. januar. Startdatoane for Peter Good på arabisk/historie og Bebwa Isingoma på engelsk lingvistikk er ikkje heilt klarerte, men begge byrjar våren 2025. Instituttet har dessutan gåande tre utlysings- og tilsetjingsprosessar for mellombelse stillingar: fransk fagdidaktikk, russisk språk, og stipendiatstilling på DARKLAX-prosjektet.

- B) Instituttleiar orienterte om oppfølginga av studieprogramporteføljeprojektet, der fleire arbeidsgrupper er i aktivitet. IF har planar om eit eige seminar for fagkoordinatorane i januar.
- C) Instituttleiar viste til drøftinga i UUI om praksisen med fritak frå obligatorisk oppmøte til undervisninga (sjå [referat UUI, 25.09.2024](#)). Instituttet arbeider for å få ein meir einsarta praksis på dette feltet.
- D) Instituttleiar orienterte om budsjettframlegg og fagleg bemanningsplan for fakultetet, som skal opp på fakultetsstyremøtet 10. desember. Sektoren er inne i ein krevjande fase med reduserte overføringar frå departementet. Fakultetet står framfor svært alvorlege økonomiske utfordringar, der vi for tida brukar meir enn vi tener inn, og den viktigaste årsaka er inntektssvikten frå resultata på utdanningssida. Hovudregelen framover ser ut til å bli at vi ikkje får tilsetja på ny når nokon sluttar i ei vitskapleg stilling. Vedtek fakultetsstyret framlegget til bemanningsplan, får vi derfor stillingsreduksjon på fransk, spansk og engelsk dei næraste åra. Arabisk vil få re-tilsetja. Den såkalla småfagsmodellen vil styrka økonomien ved fakultetet og garantera ei minimumsbemanning på tre tilsette på dei faga som har masterstudium. Italiensk kan derfor få ei tredje stilling etter kvart som småfagsstøtta blir fasa inn. Hovden viste til at ulike fag har ulike ressursbehov, og dette er ikkje nemnt, ikkje ein gong problematisert, i saksframlegget til fakultetsstyret. Språkfag treng fleire undervisningstimar enn t.d. fag som historie eller filosofi. Berg Henjum støtta dette og minna om at dette òg er eit spørsmål om studiekvalitet. Fagg streka under at redusert kvalitet i studiet vil føra til at færre studentar fullfører, og Forus påpeikte kor viktig forelesarane og undervisningskvaliteten er. Hestnes og Gjerstad viste til at spansk vil stå utan lingvistar på faget viss bemanningsplanen blir slik dekanatet gjer framlegg om. Johannessen meinte det burde rettast eit kritisk blikk mot bruken av pengar til ein del spesialsatsingar, samlingar o.l. når den økonomiske sitausjonen er så vanskeleg. Ho reagerte òg på at engelsk ser ut til å mista ei stilling. Generelt var det stor frustrasjon i møtet over framlegget til ny bemanningsplan. Instituttleiar oppmoda om å fremja synspunkta ein har, gjennom representantane for si gruppe i fakultetsstyret.

Sak 4 – Økonomiorientering

Uthaug orienterte om utsiktene for driftsbudsjettet og -rekneskapen ved instituttet, jf. sakspapira, og streka under at budsjettet vil bli krevjande allereie frå og med 2025. Det blir vanskeleg å finna midlar til vikarar og andre mellombels tilsette hausten 2025. Instituttleiinga vil leggja fram ein spareplan saman med budsjettsaka på instituttrådsmøtet i januar.

Sak 5 – Arbeidsmiljøet ved instituttet

Instituttleiar viste til at mange ved instituttet opplever dårleg arbeidsmiljø i kjølvatnet av tilsetjingssaka på Midtaustens historie/arabisk, og dette har gitt seg uttrykk i mistillit mot instituttleiinga og spekulasjonar om kva som har skjedd. Mange opplever eit stort informasjonsbehov. Instituttleiinga og vernetenesta har hatt ein tett dialog gjennom heile hausten, og det har vore nær dialog mellom instituttleiinga og fakultetsleiinga. Leiinga foreslår eit allmøte ved instituttet torsdag 12. desember for å snakka om arbeidsmiljøet. Instituttleiar inviterte instituttrådet til å diskutera korleis ein kan styrka arbeidsmiljøet framover.

Johannessen meinte eit slikt allmøte kjem altfor seint, at det er for kort varsel og at møtetidspunktet der er gjort framlegg om, kolliderer med ein travel eksamensperiode. Det var litt ulike oppfatningar i instituttrådet om kva som ville vera det beste møtetidspunktet, og instituttleiar ønskte helst å få gjennomført eit møte no før jul, utan å venta lenger. Instituttrådet samla seg om at det bør vera to allmøte om arbeidsmiljøet framover: eitt 12. desember og eitt oppfølgjande møte i januar. Instituttleiar sender ut informasjon om dette til alle ved IF så snart som råd.

Sak 6 – Undervegsevaluering av strategiplanen for IF

Instituttleiar gav ein statusrapport om oppfølginga av strategiplanen for instituttet 2024-2030. Miles superte om oppfølging av den delen av planen som gjeld forskarutdanninga.

Forus spurde om IF har ein plan for å styrka studentane si forståing av eigen kompetanse. Instituttleiar ville gjerne ha gode framlegg her. Forus og Fagg streka under at dette var eit viktig punkt, og Fagg nemnde at instituttet kunne setja ned ei gruppe a la redesign for å arbeida med dette feltet. I så fall bør studentar òg vera med i gruppa. Instituttleiar viste til at instituttet no har fått etablert eit felles fagutval for studentane på alle faga, og meinte ein dialog med dette fagutvalet ville vera nyttig.

Forus lurte òg på kva som var meint i strategiplanen med “digital kompetanse”, sidan dette er eit veldig vidt felt. Instituttleiar viste her til prosessane på fakultetsnivået, m.a. med Senteret for digitale forteljingar. Berg Henjum spurde òg om korleis digital kompetanse skal gå inn i emna våre. Instituttleiar viste m.a. til arbeidet for å integrera kunstig intelligens i den digitale kompetansen på japanskfaget. Fagg peikte på at digital kompetanse kan hentast inn gjennom frie studiepoeng i graden, sjølv om dette ikkje er eit alternativ for lektorstudentane.

Fagg meinte det var viktig å jobba med rekrutteringa til det felles fagutvalet, t.d. gjennom informasjon i forelesingar og bruk av sosiale media. Hestnes meinte instituttrådet treng meir tid i lag dersom det skal lagast handlingsplanar for alle delane i strategiplanen, viss då ikkje tanken er at dette arbeidet skal gjerast i mindre grupper. Instituttleiar viste til at FFU og UUI ved instituttet fungerer som underkomitear på forskningssida og på studiesida, og instituttleiinga ønskjer å bruka desse organa i arbeidet med handlingsplanane.

Sak 7 – Nasjonal satsing på framandspråk

Det vart ikkje tid til å gå inn på denne saka, og instituttleiar sender i staden ut ei skriftleg orientering. (Sjå vedlegg til referatet)

Sak 8 – Utlysing av rekrutteringsstillingar

Instituttleiar orienterte om ulike alternativ for utlysing av stipendiatstillingar i 2025. Gjerstad meinte dei ulike fagmiljøa burde vera einingane ein vanlegvis la til grunn når ein lyste ut nye stipendiatstillingar, og vart langt på veg støtta av Berg Henjum, Johannessen og Hovden. Samstunds vart det teke til orde for at utlysingar i visse tilfelle kunne knytast til forskargrupper.

Instituttleiar viste til instituttstrategien der det er lagt vekt på å skaffa ekstern finansiering, og stipendiatstillingar knytte til forskargrupper og prosjekt kan vera eit verkemiddel i dette.

Instituttleder og forskingskoordinator lagar eit meir konkret framlegg om bruken av stipendiatstillingar i 2025 og distribuerer dette til medlemmane av rådet, slik at dei kan gje tibakemeldingar.

Sak 9 – Møteplan 2025

Møtedatoar for instituttrådsmøta i 2025: 29.1, 26.3, 28.5, 27.8, 22.10 og 3.12.

Martin Paulsen,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef